

## Skisseprosjekt Gulebygg Hjeltnes vgs.

I mulighetsstudiet jobbar me med fagskuletilbodet Nordisk gastronomi i samarbeid med Bergen Tekniske fagskole. Ein tek sikte på å ha ferdig søknad til NOKUT i februar 2015 med tanke på oppstart hausten 2016. Studiet vert planlagt for 25-30 elevar på full tid i 2 år, med opptak annakvart år. I studiet kjem det til å vera behov for praksis undervisning på kjøkken for 15 elevar i gangen og klasserom stort nok til 30 elevar.

### **Vurdering av eksisterande undervisningslokale på Hjeltnes vgs.**

Me har ingen klasserom som er store nok til 30 elevar. To klasserom i Raudebygget, kvart store nok til 12 elevar, kan om mogeleg slåast saman til eit.

Trebygget ( totalt 715 m<sup>2</sup>) ved sida av gartneriet i Holmen er vurdert i samband med dette studiet. Det vart i 2013 laga ein miljørapport i samband med planar for riving av gartneriet, utarbeid av Asplan viak. Etter ein gjennomgang av denne saman med Eigedom (Inge Kålås) kom det fram at bygget var i dårleg stand. Golvet er i fleire nivå og måtte evt hevast pga høg vannstand. Renovering / ominnreiing ville bli dyrt , då burde ein heller riva og bygga nytt. Bygget kan nyttast slik det står til oppgåver knytt til planteproduksjon og arbeidsoppgåver knytt til vasking, sortering og pakking. Sjå vurdering av 18.feb. 2014.

### **Gulebygget**

Gulebygget , 1. og 2. høgda, har stått tomt sidan hausten 1999 då nytt undervisningsbygg var ferdig.

Kjellarhøgda er renovert i 2000 og i bruk til bibliotek, klasserom og no treningsrom. 1. og 2. høgda er på tilsaman 616 m<sup>2</sup>. Huset forfell pga manglande bruk og vedlikehald.

Det finst fullstendige planar frå 1999 på renovering av 1. og 2. høgda til administrasjon og lærarkontor som no er i Kvitebygning. Kostnadsoverslag frå 2010 på kr 7,5 mill.

Skulen ynskjer no å få utgreidd og laga eit skisseprosjekt der ein ser på bruk av 1. og 2. etasje i Gulebygget til fagskulestudiet Nordisk gastronomi. Gulebygget er eit «signalbygg» i tunet og må takast vare på. Opphavlege planar om bygget brukt til administrasjon og kontor nedprioriterer me i høve til å få til lokalitet for eit heilt nytt fagskulestudium i Norge.

Kvitebygget fungerer til adm / kontor, men må på sikt ha noko oppgradering. Dessutan har me i dette bygget ein reserve i 3. høgda som ikkje er i bruk.

Arealtrong for fagskuletilbodet Nordisk gastronomi:

1 stort klasserom (30 elevar) eller 2 klasserom som kan slåast saman

1 øvingskjøkken plass for 15 elevar ( med mulighet for å opna opp til klasserom )

Garderobe knytt til øvingskjøkken ( 15 elevar)

Serveringsområde, evt i kombinasjon med klasserom og knytt mot hage/ utrom

Garderobe / toalett knytt til klasserom

Diverse lagerrom og grupperom

Lærarkontor 2-3

Eg ber om at Opplæring tek kontakt med Egedomsseksjonen for å få utgreidd muligheter og kostnader knytt til bruk av Gulebygget.

Temagrappa som greier ut fagskuletilbodet Nordisk gastronomi vil koma med fleire tal og ideskisser knytt til arealtrongen og utnytting av arealet.

Hjeltnes 08.12.2014

Gunnbjørg Øyre

Rektor

Hjeltnes vgs